



Referat Team Hardanger 25.6.2026 på Voss,09:00-10:45

Møtte:

Randi Rykkje, Ullensvang kommune - leiar
Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune
Mona Hellesnes, Ulvik herad
Trude Undebakke, Hardanger og Voss Næringsshage
Christel Kvamme, Næringshagen i Ullensvang
Hans Inge Myrvold, Næringshagen i Ullensvang
Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord
Margit Lund-Mikkelsen, Visit Hardangerfjord
Ann Irene Myrheim, Hardangerrådet iks
Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

Meldt avbud:

Jan Tjosås, Kvam herad

Saksliste:

TH-sak 21/26

Besøksforvaltning

Eidfjord, Ulvik og Ullensvang vil ha prinsipiell avklaring i kommunane før dei går vidare med konsekvensutgreiing og økonomi ved eventuell innføring av besøksbidrag.
Regional fellessatsing vert utsett til etter prinsipiell avklaring i kommunane.

Eidfjord:

Vil skriva plan for besøksbidrag inn i planen for besøksforvaltning,når eventuelt kommunestyret har godkjent at ein vil ha det.
Saka er komplekst og treng tid.

Ulvik:

Fyrst må ein i heradsstyret få ei prinsipiell avklaring om ein skal innføra denne avgifta, og mandat for vidare arbeid. Har mål å få det avklara i septembermøtet. Utvikling av system og organisering må ta plass etter prinsipiell avklaring.

Ullensvang:

Har arbeidd mykje med besøksforvaltning internt, for innsikt, eigarskap og forankring.
Må avklare spørsmålet knytt til prinsippvedtak eller ikkje. Eit evt. prinsippvedtak kan tidlegast handsamast i september, og gjerne ikkje før i oktober.
Det er viktig at arbeid med besøksforvaltning og besøksbidrag vert sett i samanheng med den regionale reiselivsstrategien, som er vedtatt skal på administrativ høyring.
Har arbeidd mykje med besøksforvaltning internt, for innsikt, eigarskap og forankring.

Næringssjefane arbeider for likelydande vedtak i den prinsipielle avklaringa om besøksbidrag.

Aksjonsliste:

1. Bestilling Profileringsarbeid, snarleg tilbakemelding frå alle!
2. Budsjett for felles rekrutteringsarbeid til alle kommunane.
3. Arbeidsgruppe for Karrieremessa 22.9.2026 i Bergen
4. Arbeidsgruppe for å ha ein god plan på blandt anna strategi, formidling, kva treffer publikum, osv.
5. Septembarmøtet til TH skal flyttast. Dato avklarast på mail.

● **Staus Karrieremessa i Bergen 22.09.2026**

Presentasjon av forslag til messevegg og handlenett v/ Christel Kvamme.

Forslag vert sendt rundt med forventning om rask tilbakemelding, dette materialet må vera klart i god tid før 22.9.2026.

Messevegg skal ha ei slik utforming at i tillegg til å brukast på karrieremesser, også kan brukast på festivalar og konferansar, for rekruttering og å visa kva Hardanger har å by på.

Viktig at me er tydelege på målgruppa vår.

God ide å ha QR kode. Anbefalt å setja den ned på sida med "call to action tekst under"

Handlenett:

Forslag 1: Å skriva diktet "Det er den draumen" bære nett med "det er den draumen"

Forslag 2: Berre sistat: "Det er den draumen"

Forslag 3: Meir maskulingt nett

Forslag 4: Skal me velga 3 ulike sitat får ulike lokale forfattarar/karakterarar kanskje 3

Det er også ønskje med felles bekledning i form av T-skjorte.

Forslag messevegg, handlenett og T-skjorte med prisestimat vert sendt ut til Team Hardanger i etterkant av møtet.

Kommentar

- Messevegg vil fungera med arrangementer med nordmenn - kva med andre språk?
- Det er eit ønskje frå kommunane med felles profilering på turistinformasjonane. Kan dei to profileringsarbeida sjåast på saman, eller i alle fall samarbeide?
- Skal setja saman ei arbeidsgruppe for å ha ein god plan på blandt anna strategi, formidling, kva treffer publikum, osv.
- Kan ein også trekkja vekslar på "Framtidsfylket" - som har mykje erfaring her. Gjennom Framtidsfylket har regionen også ein base av traineer - som kanskje kan vere ambassadører på ei karrieremesse.
- Næringshagen i Ullensvang ønsker å ta del i arrangement med karrieremesser, og kan bidra med sine tilsette til dette arbeidet.

Budsjett for felles rekrutteringsarbeid

Det er viktig at ein lagar eit budsjett som kan leggjast inn i kommunane sine budsjett for 2027. Budsjettet skal innehalda desse kostnadane:

1. "Vi kallar" årleg abonnement
2. Investering til profilering og messer:
 - a. messevegg
 - b. handlenett
 - c. bekledning
3. Pris på standleige messer
4. Aktivitet i forbindelse med messer

Arbeidsgruppe:

Team Hardanger set opp ei arbeidsgruppe for karrieremessa i september, som også skal finna ut kven som skal rigga og stå på stand.

- **Gjennomgang møtedatoar hausten 2026**

Hausten vart gjennomgått.

Vil endra dato for septembermøtet, men ikkje avklara. TH tek dette snarleg på mail.

TH-sak 23/26

Runde rundt bordet

Saka utsett til neste møte

TH-sak 24/26

Saker som kjem til

- Besøksbidrag: kva skjer/kor står me?

Saka vart drøfta under Besøksforvaltning

Voss 25.6.2026

Randi Rykkje
Leiar